

Redusert køyresikt på Storebru

08.07.2016



Det er sterkt redusert sikt ved Storebur på Haugland

Saka om redusert køyresikt held fram. No gjeld det Storebru i overgangen mellom Brukjeret på Døssland og Haugland. Før har vi skrive om buskar og kratt som hindrar sikten ved Uskedal bru, til dagleg kalla Skulebrua. Saka er meldt inn til MESTA.

På Haugland må ein mest inn på brua for å kunna sjå motgåande trafikk. Vegen og brua har ein køyrebane. Det er ikkje forbipassering og med därleg sikt er det stopp. Ein av av dei køyrande må rygga nokre hundre meter for å finna ei utkøyring.

Vegetasjonspleie på elvekanten både på Haugland og Nedre Fet vil auka sikten med om lag 300 meter. Saka er meldt inn til oppsynsmann Nygård i MESTA. Det er Fylkeskommunen som har ansvaret for Fylkesveg 48 gjennom Uskedalen, det same med vegen på Døsslandsido.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal